



DEN NORSKE KIRKE

Kyrkjeleg fellesnemnd Midt-Telemark

Møtebok for Kyrkjeleg fellesnemnd Midt-Telemark

Møtedato: 15.03.2018
Møtetid: kl. 17:00
Møtested: Kyrkjekontoret i Sauherad

Tilstede:

Martin Stærk, Trond Magnus Haugen, Asgeir Sele, Alf Rose Sørugaarden, Ulf Bruno Vege, Tora Skjerkholt Aarnes, Ann Kristin Vestgarden, Lillil Bergan, Helga Kristine Sannes Marthinsen, Jarl Olav Rugtveit.

Meldt forfall:

Saker

Sak 007/18 Struktur og organisering

Vedtak:

Fellesnemnda ser det som viktig at vi får ein brei diskusjon om framtidig organisering av kyrkja i den nye kommunen. Med organisering i denne samanheng er det spørsmål om ein ser føre seg eitt eller to sokn i den nye kommunen, ein eller to stabar for soknet eller sokna, og om staben eller stabane skal samlokalisertast.

Fellesnemnda ønskjer å legge til grunn følgjande punkt i forhold til dette arbeidet:

- Utfordre sokneråda til å fatte vedtak om kva organisering dei ønskjer, innan 15.mai.
- Arrangere dialogmøte og diskusjonsforum for involverte parter.
- Sette ned arbeidsgrupper som skal synleggjere fordelar og ulemper for sine område.

Avklaring skal skje før 1.juni 2018.

Sak 008/18 Arbeidsgrupper

Vedtak:

Fellesnemnda vedtek at det skal settast ned tre arbeidsgrupper som skal arbeide med struktur og organisering av kyrkja og kyrkja sitt arbeid i den nye kommunen. Desse gruppene er: drift, kyrkjelyd og frivillighet.

Gruppene får i oppdrag å sjå på konsekvensar av å velje eitt eller to sokn, ein eller to stabar for soknet eller sokna og om staben eller stabane skal samlokalisertast eller ikkje.

Gruppa drift skal sjå på kva som vil vere konsekvensane for dei som arbeider i administrasjonen og dei som arbeidar med drift av kyrkjegardar, bygg og anlegg. Denne gruppa omfattar kyrkjegardsarbeidarar, sekretær, kyrkjetenarar. Denne gruppa skal ha to medlemmar frå kvar stab, og veljast av stabsmøtet.

Gruppa «kyrkjelyd» skal sjå på kva som vil vere konsekvensane for dei som arbeidar med kyrkjelydsarbeid i kommunen. Denne gruppa omfattar prestar, trusopplærarar, organistar og andre. Denne gruppa skal ha tre medlemmar frå kvar stab, og veljast av stabsmøtet.

Gruppa « Frivillige» skal sjå på kva som vil vere konsekvensane for dei som arbeidar med frivillig arbeid i kyrkjelydane. Denne gruppa omfattar tillitsvalte og frivillige som ynskjer å ta del i prosessen. Denne gruppa



DEN NORSKE KIRKE

Kyrkjeleg fellesnemnd Midt-Telemark

skal ha tre medlemmar frå kvart sokn, og veljast av sokneråda.

Gruppene skal oversende ei uttale til fellesnemnda innan 15.mai.

Sak 009/18 Reglar for medverknad

Vedtak:

Fellesnemnda vedtek reglement for medverknad slik det er lagt fram.

Sak 010/18 Oppsummering dialogmøte

Vedtak:

Fellesnemnda tek oppsummering til vitande, med tilføyning i punkt 4 som kom fram på møtet.

Sak 011/18 Informasjonsplan

Vedtak:

Fellesnemnda vedtek informasjonsplanen slik den er lagt fram.

For Kyrkjeleg fellesnemnd Midt-Telemark

Martin Stærk

Kyrkjeverje